



Arnar Haugedal sivil.ark. MNAL  
Kongensgt. 110  
7012 TRONDHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2972 - 16/1468

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

27.01.2016

## Merknad til søknad om løyve til byggetiltak på gbnr. 17/3 i Meland kommune

Det vert vist til tidlegare mottatt søknad om byggjeløyve datert 24.5.2012, mangelsbrev frå Meland kommune datert 12.10. s.å. og supplerande dokumentasjon mottatt her 13.11.2015.

Sidan søknaden vart sendt inn i 2012 er det gjort ei rekkje endringar i gjeldande regelverk – både på kommunalt og nasjonalt nivå – som kan ha betydning for det omsøkte tiltaket. For Meland kommune sin del vart det i 2015 vedtatt ein ny kommuneplan som inneheld nye reglar for utbygging i kommunen. Vidare er det gjort omfattande endringar i Plan- og bygningsloven (pbl.) og tilhøyrande forskrifter som inneheld andre byggtekniske krav og andre reglar om søknadsprosess enn kva som var tilfellet i 2012. I tillegg er den opphavlege nabovarslinga no gått ut, jf. pbl. § 21-3.

På denne bakgrunn må det sendast inn ein ny og komplett søknad som er tilpassa dagens gjeldande regelverk. Den nye søknaden må òg nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.

Føreliggjande søknad vert arkivert utan ytterlegare handsaming.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Kopi til:**  
Geir Kippersund

**Mottakere:**

Arnar Haugedal sivil.ark. MNAL

Kongensgt. 110 7012

TRONDHEIM